



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jon Fjeldstad, 5557 2254

Vår dato  
18.03.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/885 321  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### **Varsel om tilsyn. Felles nasjonalt tilsyn 2014. Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbyte av opplæringa**

Fylkesmannen i Hordaland viser til tidlegare informasjon om Felles nasjonalt tilsyn på opplæringsområdet i brev datert 21.01.2014, og til samling for dei skulefagleg ansvarlege 10. og 11. mars 2014.

Tilsyn med tema ”Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbyte av opplæringa” skal gjennomførast hausten 2014.

Fylkesmannen har valt ut Meland kommune for dette tilsynet, med Meland ungdomsskule. Tilsynet skal gjennomførast med innhenting av dokumentasjon frå kommunen og med intervju av tilsette ved skulen.

Fylkesmannen vil informere kommunen meir detaljert om tilsynet på formøte **24. april 2014 kl. 1000 i Statens hus, 11. etasje**.

Til dette møtet inviterer vi skulefagleg ansvarleg på kommunenivå og rektor ved skulen og eventuelt andre som kommunen ønskjer skal vere med. Dette formøtet er eit felles møte for dei tre kommunane som Fylkesmannen skal gjennomføre dette tilsynet med: Fitjar kommune, Meland kommune og Kvinnherad kommune. I tillegg vil dei tre kommunane som Fylkesmannen skal gjennomføre tilsyn med tema ”Forvaltningskompetanse” bli invitert til første del av formøtet 24. april. Det gjeld Askøy kommune, Fjell kommune og Stord kommune.

Vi ber om å få ei tilbakemelding frå kommunen med namn og funksjon på deltakarar til formøtet innan 10. april 2014 til [fmhohme@fylkesmannen.no](mailto:fmhohme@fylkesmannen.no)

Med helsing

Anne Hjermann e.f.  
utdanningsdirektør

Jon Fjeldstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*